



PÅ FYKSE: Synfaring på garden. Lars Mæland, frå Stord og vikar i «Tysnes», midt i biletet.



FILMFRAMSYNING: Før omvisninga på Fykse var det samling til kaffi og kaker på Fykse skule, som no er grendahus. Til venstre på biletet sit Marit og Berner Sæløen.



# Feler, frukt og fruer

Under denne plakaten inviterte Kvam Soge- og kulturminnelag til lokalhistoriske dagar og årsmøte i Norheimsund sist helg.



SPELEMANN: Arne O. Fykse, som driv tradisjonell gardsbruk og gardsrestaurant, er også ein habil felespelar.

Det var den årlege samlinga til medlemslaget i Hordaland sogelag som møttest. Medlemstalet i «paraplyorganisasjonen» er aukande og tel i dag 32 lag.

I tillegg til lokalmat på Fykse og på Hardanger Fartøyvernsenter i Norheimsund, samt festmid dag på Sandven Hotel, vart det servert rikeleg med kultur både innandørs og ute laurdag ettermiddag.

## Køyretur til Fykse

Etter ei solid matøkt på hotellet, vart det køyretur til gren da Fykse.

Grenda ligg høgt opp i den bratte lia like etter at du har passert Fyksesundbrua. Når

du er kome opp og står fram på kanten av platået med jordlappar og kjempestore steinar der gardshusa står, det er mange i talet, ser du rett ned på bruha, samstundes har du ei fantastisk utsikt til dei snøkledd fjella mot aust.

Akvøyrla til Fyksegardane må du leita litt etter når du ferdest på hovudvegen, i alle fall dersom du kører bil, men den tek brått av til høgre og svingar seg smalt og bratt oppetter. Du bør ta det sakte og roleg anten du kører bil eller er til fots, for det er stupbratt utanfor vegen.

## Kultur, kaffidrøs og hardingfele

Fykse skule, som no fungerer som grendahus, var utgangspunkt for ymse kulturinnslag til konsertar og attraksjonar.

og kaffidrøs før kulturferda gjekk vidare i gåsegang på smale stiar. Gamleskulen er også intakt og ligg like bortom skuleplassen.

Å få oppleva hardingfelespel inne i «Døseholia» på Fykse, er nok eit minne for livet for dei fleste som var med. Den gigantiske hola under store kampesteinar kan romma over 100 personar, og det var difor god plass til dei om lag 40 tilhøyrarane. Felespelar Arne O. Fykse, som til dagleg driv gardsrestauranten «Gamlestova», fortalte soga om steinholia som har vore i bruk i uminnelege tider. Fyrst til seremonielle ritual, seinare til lagringsplass for frukt og grønsaker, og i desse dagar til konsertar og attraksjonar.